



Valle Sparebank
- allstøtt med deg

KUNNGJERING AV KUNDEVAL I VALLE SPAREBANK

**Det vert halde kundeval i Valle Sparebank onsdag
11. mars 2020 kl. 18.00 i Sæbyggen.**

Det skal veljast 2 faste medlemmer til generalforsamlinga, og 3 varamedlemmer. Valet gjeld for 4 år for dei faste medlemmene, og 1 år for varamedlemmene. Liste over medlemmene i generalforsamlinga, og kven av desse som er på val, og annan relevant informasjon om valet er tilgjengeleg på banken si nettside og i bankkloalet i Valle.

§ 3-4 i vedtektene til banken regulerer kven som kan røyste, og kven som veljast

§ 3-4 Medlemmer til generalforsamlinga valde av kundane

Dei myndige kundane i sparebanken har røysterett når det skal veljast medlemmer til generalforsamlinga i sparebanken blant kundane. Kwart kundeforhold gjev éi røyst når ikkje anna fylgjer av lova eller vedtektene.

Kundar i sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representantar for kundane. Alle kundevalde medlemmer av generalforsamlinga må bu eller ha sitt virke i Valle kommune.

Kundar med røysterett pliktar å take i mot val som medlem eller varamedlem, med mindre vedkomande har gjort teneste som medlem av generalforsamlinga, styre eller kontrollkomité i minst ein valperiode.

Kundar med røysterett kan fremje forslag til kandidatar seinast 4 veker før valet. Forslaget skal innehalde namn, fødselsår, yrke og adresse og sendast til post@valle-sparebank.no eller til Valle Sparebank, postboks 53 4747 Valle.

Det er ei eiga valnemnd som førebur kundevalet. Innstillinga frå valnemnda ligg til gjennomsyn på banken si nettside og i bankkloalet i Valle dei siste 14 dagane før valet.

**Liv Bratlie Løyland
Leiar i generalforsamlinga**